

**BRIT-ARNA SUSEGG**

Universitetslektor, NORD universitet,  
Fakultet for lærerutdanning, kunst og Kultur

*Brit.a.susegg@nord.no*

# FÆRØYSK BARNEBOK FULL AV MEINING OG HUMOR

Rakel Helmsdal: *Dei kallar meg berre Hugo*. Kapabel Forlag, Bergen 2009. Omsett frå færøysk av Lars Moa. Originaltittel: *Tøi kalla meg bara Hugo*.

Den færøyske forfattaren Rakel Helmsdal har tydelegvis lese Ringeren i Notre-Dame av Victor Hugo med så stor interesse at ho har fått ideen til boka *Dei kallar meg berre Hugo*. Eg vil sterkt anbefale alle å lese klassikaren (Hugo, 1981), slik at elevane kan oppleve dobbel leseglede når dei oppdagar at Helmsdal sjølv har nytta utdrag frå romanen til Victor Hugo. Rakel Helmsdal sin barne- og ungdomsroman har humor, eit frodig persongalleri, interessante miljøskildringar og ein meisterleg intertekstualitet. Difor vil eg hevde at denne boka er viktig lesestoff for barn og ungdom.

Som vi skal sjå seinare i artikkelen, er dette ein roman som eignar seg godt som høgtlesingsbok. Boka er kanskje ikkje heilt enkel for barn å lese på eiga hand, og dermed er det viktig å formidle ho i form av høgtlesing med påfølgjande litterære samtalar. Det er også fint at barn kan lese romanen opp mot ein klassikar. *Dei kallar meg berre Hugo* er delt inn i 26 kapittel og er sett frå hovudpersonen Viktor Hugo Person sin ståstad. Teksten handlar om han og mange andre morosame personar. Eg har brukt denne boka som pensum i lærarutdanninga ved HINT/NORD universitet i Levanger og synest det er ei bok som fortener å bli løfta fram. Eg gjorde bruk

av ulike innfallsvinklar frå litteraturdidaktikk (Susegg, 2003; Lyngsnes, Susegg & Postholm, 2009).

Romanen blir også flittig brukt av lærarar i grunnskolen. På Elvran skole i Stjørdal nytta lærar Heidi Almaas boka på 6. og 7. trinn til stillelesing, høgtlesing, bokmeldingar og analysar. Elevane skreiv ny slutt og brukte rollekort. Etter ein lesestopp hadde elevane litt rær samtale med utgangspunkt i rollene. Elevane gledde seg over dei morosame påfunna til hovudpersonen og venene hans.

## INNLEIING

Forfattaren Rakel Helmsdal skriv både vaksen-, barne- og ungdomsromanar og novellesamlingar. I tillegg driv ho sitt eige dokketeater, Karavella Marionett-Teatur, ulike kulturprosjekt for unge, og driv som gartnar, bibliotekar og grafikar. Ho er òg ein av forfattarane bak serien om Veslemonster og Storemonster. Forfattaren har ein lun humor som ofte kjem til syne i underdriving av alvorlege tema som løgn, svik, hemn, ryktespreiing, lærarmobbing og «kommisme» (ei barnleg mistyding av ordet kommunisme). Konflikatar oppstår mellom vaksne og barn, men også mellom barn. Det å lyge på



andre, spreie rykte og prøve å gjere seg sjølv betre enn ein er, er tema som ein ikkje set i samband med ei koseleg barnebok. Trass i alt dette er det dei sterke vennskapa og betydinga av desse som blir sitjande att når ein les *Dei kallar meg berre Hugo*. Gjennom språkleg framstilling og god forteljeteknikk blir romanen både morosam og litt sørgjeleg på same tid.

I tittelen til boka ligg namnet Hugo, som får ei dobbelttyding når vi startar lesinga. Hugo er ein allusjon til den franske forfattaren Victor Hugo. Dette blir rulla opp etter kvart som ein les. Jon Fosse kallar dette «all-alder-litteratur»:

*Alt i omgrepet barnelitteratur ligg det altså ei fornekting av den estetiske autonomien som først og sist legitimerer den seriøse litteraturen. Likevel vil forfatterane av barnelitteratur gjerne bli tatt på alvor, dei meiner sjølve at deira litteratur er like høgverdig som den – egentlege – litteraturen, og om det er lett å skjone dette ønsket er det sant å seie ikkje like lett å gi dei rett. Det må seiast. For skal barnelitteraturen bli seriøs litteratur, må den så å seie oppheve seg sjølv som barnelitteratur og bli til litteratur. Det vil blant anna seie at den ikkje må vere skriven med vekt på tilpassinga til barn, men med vekt på den estetiske autonomien, og i så fall endrar barnelitteraturen karakter frå å vere skriven utelukkande for barn til å vere skriven også for barn, og dermed blir den til det ein i seinare tid har snakka om som all-alder-litteratur. (Fosse, 1998)]*

Jon Fosse skreiv denne kronikken då Norske barne- og ungdomsbokforfattarar (NBU) blei 50 år, og her skriv han om sitt eige forhold til barnelitteratur og til dei krava han set til seg sjølv som forfattar. Han tek lesaren på alvor uansett alder. Romanen *Dei kallar meg berre Hugo* tek som sagt opp fleire problem, ikkje berre når det gjeld barn og ungdom, men som òg gjeld for vaksne lesarar.

## HANDLINGA

*Dei kallar meg berre Hugo* er den første av fire bøker om ungguten Hugo og vennene hans. Han er 11 år og går i 5. klasse på Tistram Skribaskolen i Tistram Skribabrekka i Port Janua. Handlinga startar med at klassen til Hugo får

lærarvikar i historie. Allereie første dagen lærarvikaren kjem til skolen, greier ikkje Hugo å halde latteren attende då han presenterer seg som Elo Skjelm. Handlinga blir sett i gang med at læraren spør Hugo kva han ler av, og klassekameraten Sophus PH seier:

*«Han ler berre av namnet ditt». «Så, det er berre namnet mitt? Korfor er det så komisk? [...]» Elo Skjelm var blid i ansiktet og mild i stemma. «Fordi hunden til Fillefrans også heiter Skjelm», glapp det ut av Sophus PH. [...] Så flytta Skjelm auga [...]. «Og du, min lattermilde venn, kva heiter så du?» «Viktor Hugo Person, hiksta eg.» (Helmsdal, 2009:12–13)*

Som straff, eller som ein spøk, fortel vikaren historia om *Ringeren i Notre-Dame* av Victor Hugo. Ho handlar om Quasimodo (som tyder «nesten menneske»). Han var tenaren til ein vond prest, Claude Frollo, i Notre Dame-kyrkja. Begge elska sigøynarjenta Esmeralda (som tyder «smaragd»). Romanen beskriv 1400-talets Paris, kor vi møter adelsmenn, tiggjarar, gode og vonde menneske, store folkemassar og enkeltpersonar. Romanen kom ut i Paris i 1831 med tittelen *Notre Dame de Paris*. 1482. Den første norske omsetjinga kom ikkje ut før i 1901 med tittelen *Notre Dame*.

Port Janua er eit lite og oversiktleg lokalsamfunn med små hus, skole og butikkar. Ein av dei heiter Spøk & Moro. På Nordkaia bur Paol Bonaventura, kalla Fillefrans, og hunden Skjelm, Visti Stråtopp og dei andre outsidersvennene. Dei har tilhald i «Den døde rotta», ein stad alle vanlege menneske tek avstand frå. Port Janua har jarnvegstasjon, og Hoelabesta, farmora til Hugo, kjem med toget når ho skal «vakte» Hugo i husarrest. Det finst òg ei kyrkje på staden, med ein kyrkjegard – noko som leier oss fram til ein av dei første spenningsstoppane.

## PERSONAR

Viktor Hugo Person, eg-personen i romanen, er ein kvardagshelt som er med og ordnar opp i dei konflikttane han rotar til sjølv. Han er vesleavaksen, trugar søstera Eva med at han skal hogge hovudet av kosebamsen hennar, Bamse Havrekar (antakeleg oppkalla etter ein berømt norsk prest, Heini Havreki, som lei skipsbrot ved Færøyane på 1500-talet) om ho fortel noko til



foreldra om alt det «ulovlege» han driv med. I klassen har han fleire venner, men Ramn er bestevennen. Første dagen lærarvikaren kjem, blir Hugo offer for lærarmobbing: «No du vesle ringaren min, korleis likte du denne forteljinga?» Og som han sikkert hadde venta, brast heile klassen ut i latter (Helmsdal, 2009: 20). Frå den dagen blir Hugo erta og plaga fordi han blir samanlikna med Quasimodo – som tyder *nesten menneske*:

*Eller rettare sagt, hele hans skikkelse var et vrængebilde: Et svært hode med strittende rødt hår, skuldrene i en vældig pukkel hvis virkning gjorde seg gjældende fortil, nogen laar og lægger saa besynderlige, forvredne at benene kun berørte hverandre ved knærne og set forfra lignet to sigder med sammenbundne haandtak; brede føtter og uhyre store hænder [...] (Helmsdal, 2009: 28)*

Som om det ikkje var nok at han blir samanlikna med Quasimodo, er Ramn også med i mobbekoret. Ramn, som er hans bestevenn heilt sidan barnehagen, blir uskyldig vikla inn i og får skylda for noko som Hugo har gjort. Etter at Hugo, Esmeralda Lukas, til dagleg kalla «Smæra» og Eva er på kyrkjegarden og utøver «kommisme», får dei på ein finurleg måte lagt skylda på York-brørne. Ramn og storebroren Hauk blir kalla inn til rektor, og Hugo og Smæra sit i bøttekottet ved sida av kontoret og lyttar til forhøyrer. Ramn og Hauk leiar mobbinga av Hugo og Smæra.

Esmeralda, eller Smæra, er 12 år og går i 6. klasse. Ho er ei tøff jente, sjølvstendig og ærleg, mykje ærligare enn Hugo. Då Hugo spør kva ho sa etter at ho kom seint heim den gongen dei blei innestengde i kyrkjgårnet, seier ho: «Eg fortalte dei berre kor eg hadde vori» (Helmsdal, 2009: 168). Da blir Hugo mållaus. Han, derimot, har gitt Stille-Gabriel skylda. Foreldra til Hugo trur at Gabriel – guten som heile tida stiller opp og forsvarar Hugo – er ein ramp. Han bryt igjennom når alle blir for slemme mot Hugo. Ein får tankar om engelen Gabriel, ein erkeengel som er eit symbol på det gode og hjelpsame mennesket som ikkje krev noko attende (Helmsdal, 2009: 165). Han er på ein måte eit talerøyr for moralen i boka. Medan Sophus PH derimot er ein intrigemakar. Det er han som først kallar Hugo for Quasimodo (Helmsdal, 2009: 22).

Mora til Hugo og faren til Smæra var venner i ungdomen. Dei lika litteratur, spesielt Victor Hugo og *Ringeren i Notre-Dame*. Dei blei einige om at om dei fekk barn, skulle dei kalle opp personar frå denne romanen. Dette gjennomfører dei når dei gifter seg med sine respektive, og tilfeldigvis får namna hovudfokus etter at lærarvikaren Elo Skjelm fortel frå romanen. Han er indirekte med på å sette handlinga i gang med å fortelje om *Ringeren i Notre-Dame* og i tillegg starte med å erte Hugo i etterkant. Men Hugo er heller ikkje utan brodd når han beskriv Elo Skjelm første dagen: «Ganglaget er underleg hoppande, som om han for kvart steg gikk opp på tå for å sjå større ut. Eg syntest at





han var spiss – nasen var spiss, auga og likeins det vesle, velgreidde hakeskjeget» (Helmsdal, 2009: 11).

Fillefrans og hunden hans, Skjelm, er med på å løyse konflikten som oppstår etter at Hugo og Smæra klekker ut den store planen for å redde sitt eige skinn etter at dei har ordna «kommisme» på kyrkjegarden. Dei ordna det slik at alle skulle få like mange blomar på grava, ikkje slik som det var, med overflod enkelte plassar og ingenting på andre.

### FORTELJINGSNIVÅ

Romanen er ein eg-roman. Tradisjonen tru når det gjeld barne- og ungdomsromanar, veksler forteljingsnivået mellom scener og referat, noko som gjer forteljinga levande og munnleg. Det er eit brot med eg-forteljinga til Hugo i kapittel 15 (Helmsdal, 2009: 147), der Eva fortel. Likeeins er det med mora si forteljing (Helmsdal, 2009: 60–61). Innimellom er det direkte sitat frå boka til Victor Hugo (Helmsdal, 2009: 27ff.). Forteljinga er kronologisk med nokre få retrospektive tilbakeblikk. Blant anna fortel Hugo om da han var 7 år og gjekk til leikebutikken «Spøk & Moro» og kjøpte eit Dracula-kostyme utan lov. Hugo har eit brukande forhold til foreldra, men går inn for å lure dei så ofte han kan, med mykje humor.

### FRAMPEIK

Claude Frollo vil gifte seg med Esmeralda, men ho har kjærast. Så blir ho dømt til døden, men Quasimodo reddar henne inn i kyrkjetårnet. Det endar med avretting av vakre Esmeralda, og Claude Frollo blir drepen av Quasimodo. I stor sorg legg han seg til å døy saman med sin store kjærleik. Dette sit Hugo og les om etter at han finn den mykje omtala romanen i bokhylla heime. «Dess meir eg las, dess meir synd syntes eg i denne stakkaren – og i meg sjølv. Det var som all lidinga til Quasimodo no vart mi eiga» (Helmsdal, 2009: 33). Dette peikar fram mot det som skjer under narrefesten i slutten på romanen.

### METAPERSPEKTIV

Fleire stader i romanen finn vi metaperspektiv kor hovudpersonen kommenterer sin eigen forteljesituasjon. Det tyder at forteljaren vender seg direkte til lesaren og seier: «Nei, stopp, eg må først gjere nærmare greie for situasjonen» (Helmsdal, 2009: 8). Så startar Hugo å fortelje om klassen. Han går ut av forteljehandlinga etter at han ler av Elo Skjelm: «Ja, som du ser, alt låg vel til rette til å felle meg» (Helmsdal, 2009: 11).

### INTERTEKSTUALITET

Fleire stader i romanen er det sitat frå romanen *Ringeren i Notre-Dame* (1981), t.d. s. 27, 28, 220, 221 ff. Dette er med på å tilskrive romanen mening. Teksten oppstår i samklang med ein annan tekst. I denne romanen blir forteljinga bygd opp med spenningstoppar i tråd med det som skjer i den gamle romanen frå 1831. Men Helmsdal har brukt den andre teksten fritt i sin roman. Eit høgdepunkt er når Hugo heng i langvisaren i kyrkj-euret og dinglar mellom himmel og jord og blir redda av Fillefrans. Dette er ein klar spenningstopp i teksten. Som eg skreiv i ingressen, er det naudsynt at ein kjenner til *Ringeren i Notre-Dame* for å ha full glede av denne romanen. Men kapittelet om «Langvisaren» er ein av delane i boka som har med mykje humor og som eignar seg godt til høgtlesing, og som også får djupare mening gjennom at ein kjenner verdsitteraturen.

### NARREPAVEN, MYSTERIESPELET

Historia om Hugo og vennene som viklar seg inn i løgner, svik og hemn, får ei uventa løysing. Smæra og Hugo blir invitert av Fillefrans til Nordkaia og skjenkestova «Den Døde Rotta» saman med Hoelabesta, Eva, Hauk og Ramn. Fillefrans bur i eit skur på kaia. Da dei kom dit, drog han ut ei tjukk bok som låg under den utstoppa ugla og slengde ho midt på bordet. «Det er denne som har starta alt trøbbelet [...]». I vokslyset som blafra av vinden frå boka, såg eg gullbokstavane glitre: Victor Hugo [...]» (Helmsdal, 2009: 208)

«Alle narrers fest» som det heiter i romanen *Ringeren i Notre-Dame* (Hugo 1981: 7), kjem i byrjinga i romanen frå 1831 og til slutt i denne (Helmsdal, 2009: 233). På 1600–1700-talet var det slutt på mysteriespela, men narren, eselet og kjerra som dei ofte brukar å spele på, var med vidare (Nygaard, 1995). Landstrykaren Fillefrans er ein god samtalepartnar i ein for barna tilsynelatande uløyeleg konflikt. Han legg ein slagplan saman med dei som tidlegare var uvenner, no skal narrepaven avslørast og vennskapen opprettast.

### SPRÅK OG STIL

Språket i romanen er levande og god nynorsk. Stilen er enkel slik som barne- og ungdomsromanar skal vere. Dei vanskelege avsnitt finst vi i sitata frå romanen til Viktor Hugo, der stilen er gammaldags og kanskje vanskeleg å lese for målgruppa. Det kan vere at omsetjaren har valt å nytte Rolf Pandes omsetjing frå 1915, *Notre-Dame-kirken i Paris*, for å understreke tidsperspektivet. Det er fint for barna å sjå dei gamle skrivemåtane, og for læraren å ta opp den språkhistoriske utviklinga.





## «Landstrykarane, som er dei minst respekterte i samfunnet, syner seg å ha mest kjærleik»

Boka har dobbel lineavstand, noko som gir god luft mellom linene, og teksten blir lett å lese. Ein liten artig detalj er det hemmelege skriftspråket som Smæra og Hugo brukar eit par gonger. Noko som ikkje er fullt så bra, er kartet på permen av boka som i utgangspunktet er veldig fint, men som det er vanskeleg å lese namna på.

### HUMOR

Det er mange døme på humor i romanen. Det store sirkuset som blir sett i scene når Hugo blir kåra som narrepave i spelet på skolen, er veldig morosamt. Her brukar forfattaren humor til å avdekke at «Hugo! Men det er jo berre Hugo!» (Helmsdal, 2009: 244). Han har blitt mobba og erta, og det er trist å bli svikta av ein bestevenn. Men med hjelp av humor blir det liksom latteren sit i halsen, og Hugo blir seg sjølv igjen. Etter førestellinga med felespel, song og dans av Hoelabesta, Eva, Esmeralda, Fillefrans og alle dei andre kjem oppklaringa hos rektor. Her skjønar Hugo at det hadde ikkje vore naudsynt å lyge om kyrkjegarden og alt det andre. Humor er det også når Hugo finn ut at dei ikkje veit korleis dei skal avslutte spelet i skolegarden: «Lærarane berga oss, så utruleg det høres ut» (Helmsdal, 2009: 245).

Fillefrans vitjar klassen etter at avsløringane om «kommismen» på kyrkjegarden kom fram. Ramn presenterer morbroren sin Paol Bonaventura, kalla Fillefrans. «Hurra for Bonaventura! ropte Floke Anatol. Spel ein låt for oss» (Helmsdal, 2009: 253). Paol plystrar på hunden Skjelm: « [...] så hoppa han rett bort til Elo Skjelm, la dei store, groskitne labbane sine opp på akslene til den vesle mannen og sleika han over heile ansiktet [...]. Så møttes namnebrørne til slutt» (Helmsdal, 2009: 254).

### OPPSUMMERING

Morosamt, men òg fint for å rette opp vennskapet mellom barna, er det at Elo Skjelm til slutt seier at «eg skulle ikkje ha fortalt dykk denne historia til Viktår i Gå på denne måten». (...) No skal eg be Hugo om unnskyldning, og dei andre i klassen skal ikkje kalle han det igjen» (Helmsdal, 2009: 252). Lærarvikaren set umedvete i gang mobbing av ein elev den første vikartimen ved å fortelje om *Ringeren i Notre-Dame* som er skriven av Victor

Hugo. Dette fekk store følgjer for vennskapet mellom Hugo og Ramn – og for heile skolen og lokalsamfunnet. Landstrykarane, som er dei minst respekterte i samfunnet, syner seg å ha mest kjærleik. Saman med barna ordnar dei opp med teateret som verkemiddel, og det blir ein god dialog mellom partane. Vennskapet er sterkare enn konfliktane som floka seg til mellom kameratane. Neste roman om Hugo og venene hans er også omsett av Lars Moa og har tittelen *Kven skrattar måsane åt, Hugo?* Han er dessverre ikkje utgitt enno. Eg håpar forlaget kan gi ut bok nummer to. Det hadde vore spennande å sjå korleis det går med desse barna.

### LITTERATUR

- Fosse, Jon. 1997. *All-alder-litteratur*. Kronikk i *Dagbladet* 2. oktober 1997.
- Fosse, Jon. 1998. «All-alder-litteratur» I: *Årboka 1998. Litteratur for barn og unge*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Helmsdal, Rakel. 2009. *Dei kallar meg berre Hugo*. Omsett frå færøysk av Lars Moa MNO. Bergen: Kapabel.
- Hugo, Victor. 1981. *Ringeren i Notre-Dame*. Omsett til norsk av Cecilie Krog etter svensk utgåve, tilrettelagt og omsett av Gustav Sandgren. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Hugo, Victor. 2000. *Ringeren i Notre-Dame*. Gyldendals juniorklassikere. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Lyngsnes, K.; Susegg, B.A., & Postholm, M.B. (2009). «Elevene koste seg med skrivinga» – *skriving som grunnleggende ferdighet i fellesskapet*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Nygaard, Jon. 1995. *Teatrets historie i Europa, Del I. Teatret før 1750. Det offisielle og det uoffisielle teatret*. Østfold Trykkeri: Spillerom.
- Susegg, Brit Arna. 2003. *Verket – Leseren – Livet, En ny litteraturredaktikk*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.